



Årsmelding 2001

*kilde til
inspirasjon
og kunnskap,
samhold og glede*

Studieforbund for
DIS-Norge
Forbundet KYSTEN
Hålogaland Amatørteaterselskap
Kringkastingsringen
Landslaget for Lokalhistorie
Noregs Mållag
Noregs Ungdomslag
Norges Husflidslag
Norsk Målungdom
Vestlandske Teatersenter

Samarbeidsavtale med
Landslaget lokalhistorie i skolen
Norsk Kulturarv
Norsk museumsforbund
Norsk Quilteforbund
Samenes Folkeforbund



*kilde til
inspirasjon
og kunnskap,
samhold og glede*

Studieforbund for
DIS-Norge
Forbundet KYSTEN
Hålogaland Amatørteaterselskap
Kringkastingsringen
Landslaget for Lokalhistorie
Noregs Mållag
Noregs Ungdomslag
Norges Husflidslag
Norsk Målungdom
Vestlandske Teatersenter

Samarbeidsavtale med

Landslaget lokalhistorie i skolen
Norsk Kulturarv
Norsk museumsforbund
Norsk Quilteforbund
Samenes Folkeforbund

Folkekulturforbundet (FKF) er eit studieforbund som driv vaksenopplæring gjennom medlemsorganisasjonane sine. Verksemda er opplæring i handverk/husflidsteknikkar, organisasjonskunnskap, folkedans/musikk, amatørteater, språkpolitiske spørsmål, slektsgranskning og lokalhistoriske emne. Opplæringa skjer både i form av kurs med instruktør(ar) og i form av studieringar der deltakarane arbeidar saman utan lærar.

Visjon: Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap.

Verksemdside: FKF skal organisere og leggje tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane, innafør ramma av Lov om Vaksenopplæring.

Grunnleggjande prinsipp: Folkekulturforbundet set det skapande mennesket i sentrum ved å leggje til rette for:

- personleg utvikling og læring på eigne premissar
- oppleving av levande kulturtradisjonar
- medvit om mennesket som ein del av ein økologisk heilskap
- røynsle med demokratisk organisasjonspraksis

På heimesida vår finn du informasjon og skjema:

www.folkekultur.no

VÅGÅ NÆRINGSHAGE

2680 VÅGÅ

FAKS. 61 23 82 59

Organisasjonsnummer: 977 275 490

Studiekonsulent
Studiekonsulent
Kontormedarbeidar
Dagleg leiar

Sølvi Brække
Mette Kahrs
Tone Heskestad
Kjærsti Gangsø

61 23 82 50
61 23 82 51
61 23 82 53
61 23 82 52

solvi.braekke@folkekultur.no
mette.kahrs@folkekultur.no
tone.heskestad@folkekultur.no
kjersti.gangso@folkekultur.no

1. Innleiing

Folkekulturforbundet er framleis i vekst!

Etter 5 års drift er det enno potensiale i medlemsorganisasjonane, og vi har hatt ei lita auke på om lag 1000 studietimar.

Det vart ikkje tatt opp nokre nye medlemsorganisasjonar på årsmøtet i fjor, men det vart sett ned ei gruppe for å sjå på organisering av opptak av nye medlemmer. Dette arbeidet har ført til framlegg til lovending som blir lagt fram på årsmøtet 2002. Styret meiner det er viktig å finne ein balanse mellom "det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og lære folkelege kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap" –(vere open) og å bli eit fellesskap for utvikling og vekst for dei organisasjonane som vil satse på kurs og opplæring. Vi meiner framlegget som no ligg på bordet legg til rette for begge delar. Styret har difor i meldingsåret inngått samarbeidsavtale med 3 nye organisasjonar: Landslaget lokalhistorie i skolen, Norsk Quilteforbund, Samenes Folkeforbund og Norsk Kulturarv. Vi vil nytte dette høvet til å ynskje dei velkomne i fellesskapet.

Styret har også det siste året sett i verk ein strategiprosess for å vere i stand til å stake ut kursen for utviklinga av studieforbundet. Det arbeidet har resultert i ein ny strategiplan som også er lagt fram til handsaming på årsmøtet 2002. Styret meiner det er rett å peike ut retninga, satsingsområda og sette klare mål, slik at kontoret har noko å styre arbeidet etter. Vi håper på oppslutnad om denne måten å arbeide på og sjølv sagt ein konstruktiv og positiv debatt på møtet.

Den største einskildsaka det siste året har sjølv sagt vore flytting av kontoret til Vågå.

At saka kom opp var tilfeldig, men då fleirtalet av dei tilsette var positivt innstilte på å flytte, såg styret dette som eit høve til å drive distriktpolitikk i praksis. Vi meiner Folkekulturforbundet kan drivast like godt frå Vågå som frå Oslo, og er glad for å seie at kontoret no er i full drift att etter flytteperioden. Voksenopplæring i våre organisasjonar spenner over et vidt felt, men kan likevel karakteriserast som folkekultur. Det arbeidet som blir lagt ned på lokallagsplan for å oppretthalde og føre vidare denne kunnskapen, er eit svært viktig arbeid både for det lokalmiljøet der ein bor og for kulturutviklinga i Noreg. Styret vil takke alle for god innsats for opplæring innan kursaktivitetane også dette året. Målet vårt må vere framleis vekst, både i kurstimar, deltakarar og at vi når nokre nye grupper. Vi bør ha fokus på kvalitetssikring og påbyggingskurs slik at de som går på kurs hos oss, også kan få høve til kompetanseheving innan våre fag.

Det ligg store utfordringar og ventar på oss, la oss bruke kreftene positivt så kan vi løyse nokre av dei.

Styret i Folkekulturforbundet

Tove Gulsvik
Leiar

Per Hillesund

Wenke Seloter

Sølvi Kaupang Paulsen

Svein Rød

2. Organisasjon

2.1. Medlemsorganisasjonar

DIS-Norge, Forbundet KYSTEN, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk Målungdom, Landslaget for Lokalhistorie, Kringkastingsringen, Hålogaland Amatørteaterselskap, Vestlandske Teatersenter.

FKF har samarbeidsavtale med Landslaget lokalhistorie i skolen, Norsk Kulturarv, Norges museumsforbund, Norges Quilteforbund og Samenes folkeforbund.

2.2. Styret

Styret 01.01.01-11.05.01

Tove Gulsvik (NH) leiar
Per Hillesund (FK) nestleiar
Wenke Seloter (HATS) styremedlem
Sølvi K. Paulsen (NU) styremedlem
Svein Rød (NH) styremedlem
Vidar Lund (NM) 1.varamedlem
Halvard Julseth (NU) 2.varamedlem
Jostein Molde (LLH) 3.varamedlem
Grethe Rønning (FK) 4. Varamedlem
Harald Midtsund (NH) 5.varamedlem

11.05.01- 31.12.01

Tove Gulsvik (NH) leiar
Per Hillesund (FK) nestleiar
Wenke Seloter (HATS) styremedlem
Sølvi Kaupang Paulsen (NU) styremedlem
Svein Rød (NH) styremedlem
Hallvard Julseth (NU) 1.varamedlem
Øyvind Haugland (VT) 2. varamedlem
Magnus Bernhardsen (NM) 3. varamedl.
Harald Midtsund (NH) 4. varamedlem
Karin Buberger (FK) 5. varamedlem

Styret har hatt 5 styremøter og handsama 47 saker.

2.3. Årsmøtet

Årsmøtet vart halde 11.05.01 i Kirkegata 32 i Oslo. Det møtte 11 representantar med røysterett frå 9 av medlemsorganisasjonane.

I tillegg møtte 5 frå styret og 4 frå kontoret. Etter årsmøtet heldt prosjektleiar Åse Vigdis Festervoll ei innleiing over temaet "Frivillige organisasjonar som aktørar i utdanningspolitikken".

Årsmøtet handsama desse sakene:

- Sak 1. Opning og konstituering
- Sak 2. Årsmelding 2000
- Sak 3. Rekneskap 2000
- Sak 4. Søknader om medlemskap
- Sak 5. Handlingsplan 2002
- Sak 6. Budsjett 2002
- Sak 8. Val

2.4. Fylkesledda

FKF har fylkesseiningar organisert etter fylkesgrensene. Hausten 2000 vedtok styret i FKF å innføre ein prøveordning med overføring av kr. 3.000 til kvar av fylkesledda, mot at ordinær kontingent i fylkesledda fell bort. Denne ordninga ble sett i verk frå 1.1.01 og skal evaluerast etter 3 år.

Fylkessamlinga vart planlagt til Asker i mai, men på grunn av manglande påmelding avlyst. Det blei i staden sendt ut brev om at administrasjonen på spørsmål ville reise til fylka. Det var ujamn tilbakemelding på dette.

3. Drift og administrasjon

3.1.1. Lokalisering

Kontoret hadde fram til 26. oktober 2001 adresse Kirkegata 32 i Oslo, frå 26. oktober 2001 Vågå næringshage i Vågå.

Etter initiativ frå ordføraren i Vågå, Rune Øygarden, vart det i juni 2001 sett i gang ein prosess om flytting av administrasjonen frå Oslo til Vågå. Dei tilsette var aktivt med i arbeidet, og framlegget vart sendt på høyring til medlemsorganisasjonane. På styremøte 31. august vart det vedteke flytting til Vågå.

Folkekulturforbundet fekk eit flyttetilskot frå Vågå kommune, Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen og Oppland Fylkeskommune på tilsaman kr. 90 000,-

3.1.2. Personale

I 2001 var desse tilsett:

- Dagleg leiar Kjærsti E. Gangsø (100%)
- Studiekonsulent Jan Heier Gulbrandsen (100%)
- Studiekonsulent Sølvi Brække (100%)
- Studiekonsulent Mette Kahrs (50%, 100% frå 1.7.01)
- Prosjektleder Åse Vigdis Festervoll (40% Frå studiering til fagbrev)
- Kontormedarbeidar Lill Hildonen (4 timer pr veke fram til 1.08.01)
- Kontormedarbeidar Tone Heskestad (10 timer pr. veke frå 1.11.01)
- Sivilarbeidar Andreas Løken (1/3 stilling fram til 1.06.01)

3.2. Arbeidsoppgåver

Folkekulturforbundet har ansvaret for all søknadshandsaming og utbetaling av statstilskot. Utover dette er opplæring og informasjon om vo-systemet dei viktigaste arbeidsoppgåvene for kontoret. I tillegg kjem dei utviklingsprosjekta FKF til einkvar tid er involvert i.

3.3.1. Informasjon

Det vart sendt ut ei rundskrivsending i november 2001 i tillegg til flyttemelding i oktober og utbetalingsbrev i mars og september.

Folkekulturforbundet har hatt eiga heimeside i heile 2001. Vi har hatt webhotell hos Articdesign i Nordland, men har sjølv ansvar for design og oppdatering. I 2001 fekk heimesidene ny utsjånad, og det er lagt ut større mengd informasjon. Det blir arbeida med å få lagt ut meir informasjon og rettleiing.

Mykje informasjon går føre seg på telefon og med e-post. I den grad det kjem spørsmål, har vi delteke på medarbeidaropplæring.

3.3.2. Materiell

Det vart utvikla to nye hefter i 2001, bae som resultat av prosjektarbeid. Det eine handla om særlege målgrupper, og tilrettelegging av kurs for innvandrarak. Det andre var eit studiehefte om lokalts studiesamarbeid, basert på røynslene frå prosjektet 'lokal læringsarena' som var gjennomført i samarbeid med Studieforbundet Populus, studieforbundet natur & miljø og Bygdefolkets studieforbund.

3.4. Reise

Det har vore medarbeidaropplæring der laga har teke kontakt, og på større tilskipingar i medlemsorganisasjonane. Det har vore 16 samlinger med til saman 557 personar. Det er ønskeleg å få større systematikk i medarbeidaropplæringa, for å sikre at ein når ei større breidde av medlemmene.

4. studieaktivitet

4.1. Tilskot

Folkekulturforbundet mottok i tilskot frå Kyrkje, Utdannings og Forskingsdepartementet:

	1999	2000	2001
Opplæring	6.405.600	6.501.700	6.800.000
Administrasjon	2.030.200	2.082.000	2.200.000

Folkekulturforbundet bygger økonomien sin på ein delingsmodell. I denne modellen blir det rekna ut prosentdeling mellom organisasjonane.

Gjennomsnittleg studietimetotal dei tre siste år er ligg til grunn for utrekninga.

Prosent

	1997	1998	1999	2000	2001
Norges Husflidslag	57,89	59,73	55,80	58,05	57,85
Noregs Ungdomslag	40,74	39,07	34,87	31,38	30,11
Hålogaland Amatørselskap	-	-	8,09	8,49	8,84
Forbundet Kysten	0	0	0,31	1,23	1,96
Noregs mållag	1,36	1,20	0,93	0,82	1,05
Landslaget for Lokalhistorie	0	0	0	0	0
Folkekulturforbundet	0	0	0	0,02	0,1
Norsk målungdom	0	0	0	0	0
Norges museumsforbund	0	0	0	0	0
Vestlandske teatersenter	0	0	0	0	0

4.2.1. Statistikk

I planane er målet 101 000 studietimar i 2001. Statistikken syner 103.831 timar, ei oppgang på i overkant av 800 timar frå 2000. Alle medlemsorganisasjonane har framgang, med unntak av Noregs Ungdomslag som har ei nedgang på heile 4 500 timar. Størst framgang er det for HATS, med nesten 2 400 timar.

Med overgangen til nytt datasystem, kan det vere vanskeleg å samanlikne emnefordelinga for 2001 med tidlegare år. Men det er klart at størst framgang er det på teater. Det har sjølv sagt samanheng med framgangen til HATS som no er den største teaterkurs arrangøren, men ikkje aleine. Sjølv om NU har gått attende totalt, har dei fleire teaterkurs i 2001 enn i 2000. Det tyder at dei andre emneområda der NU har kurs går tilbake, ikkje minst folkedans. Der er talet på kurs om lag det same som i 2000, men dei er på færre timar enn tidlegare. Utviklinga går frå faste øvingar, til meir avgrensa kurs.

Med framgangen i Forbundet Kysten er det framgang i kurs om båt og kystkultur, men dei har også mange kurs innan lefsebaking og tre-arbeid. Også vevkurser har stor framgang, 1 500 timar. Om lag alle vevkurser er i Norges Husflidslag, og utgjør meir enn ¼ av aktiviteten deira. Den nest største aktiviteten i Norges Husflidslag har vore bunad med over 10 000 timar i 2000, i 2001 er det ein tilbakegang til om lag 8 000 timar. NU hadde begge åra litt over 1 300 timar.

Utfordringane er ulike i dei ulike organisasjonane, og med dei ulike emna. I Noregs Ungdomslag ligg det eit stort potensiale i kurs som blir gjennomført men ikkje innmeldt, nedgangen i statistikken er truleg ikkje ein reell nedgang i aktiviteten. Å satse innan einskilde emne kan ha noko effekt, men i stor grad er det berre snakk om å ta deltakarar frå andre emner. Det ser ein tydeleg i husflidslaga, der timetalet har vore om lag det same dei siste 3 åra, men fordelinga på emne varierar.

Arbeidet med å kvalitetssikre statistikken har vore spesielt viktig i 2001, med nytt datasystem, og vil halde fram parallelt med produksjonen av statistikk.

4.2.2. Studiering på høgare nivå

Folkekulturforbundet har vore aktiv i utviklinga av studiet 'Drakt og samfunn' i samarbeid med Vestnorsk Kulturakademi, Bunad og folkedraktrådet og Universitetet i Bergen. Vi har også vore med i utvikling og gjennomføring av andre studieringar på høgare nivå.

Desse studieringane på høgare nivå vart gjennomført med eige tilskot frå statens utdanningskontor i 2001:

- Drakt og samfunn (FKF)
- Mattradisjonar (FKF)
- Vestnorsk kulturtradisjon og –formidling (FKF)
- Folkedans for lærarar (FKF)
- Scenografi (HATS)
- Skodespelarteknikk (HATS)
- Improvisasjon / skodespelarteknikk (HATS)
- Skrivekurs (HATS)

Men mange studieringar på høgare nivå vart gjennomført utan særskilde tilskot, til saman var det 17 kurs med 548 timar på høgare nivå i 2001.

4.2.3. Særlige målgrupper

Tilskot til toppfinansiering av tiltak for personar med ulike opplæringshindringar. FKF fekk kr. 99.000 i tilskot og rapporterte for kr 202.280. Differansen vart dekkja av ordinære midlar.

Det har i 2001 vore ein stor vekst i tiltak for særlege målgrupper. Det kjem i første rekke av eit prosjektet i Nord-Trøndelag med kurs for innsette og personar i open soning. Dette er eit veldig spennande og godt prosjekt, og deltakarane er svært nøgd med tilbodet.

4.4. Reisestipend

Desse fekk reisestipend frå Voksenopplæringsforbundet:

Kari Bye	USA	8.000,-
Folke Flateland	Island	7.000,-
Aslaug Broddle	Belgia	7.000,-
Anne Berit Heide	Færøyene	7.000,-

5. Utviklingsarbeid

5.1.1. Pedagogiske utviklingsmidlar

Pedagogiske utviklingsmidler (Kyrkje, utdannings og forskingsdepartementet)

Folkekulturforbundet fekk tilskot til desse prosjekta:

Hålogaland Amatørteaterselskap:

Dramaturgi og dialog i teateret Kr 50.000,-

Utvikle tilbod om fagleg fordjupning innan fagområdet dramaturgi over tid.

Norges Husflidslag:

Metodar for handverkskurs innan fagområdet tre på Internett Kr 100.000,-

Ein fekk langt mindre enn det vart søkt om, og fekk godkjent å omdisponere midlane til å utvikle materiell for kurslærarar i Noregs Husflidslag.

Noregs Ungdomslag:

Frå øvingsrom til scenegolv Kr 50.000,-

Utvikle eit pedagogisk opplegg med vekt på metode for å motivere og rettleia utøvarar, og gje dei kjennskap og moglegheit til å utøve på ei scene.

5.1.2. Særlige målgrupper

FKF fekk i 2001 tilskot til 2 prosjekt for særlege målgrupper:

FKF Nord Trøndelag

Kurs for innsette og personar i ope soning Kr. 30.000,-

Arbeide for at belasta grupper og 'rotlaus ungdom' skal få eit tilpassa vaksenopplæringstilbod på fritida. Morten Klucken er prosjektleiar.

FKF

Idehefte for kurs med innvandrarar Kr. 50.000,-

Utvikle eit motivasjonshefte for å bidra til at våre lokale studieleiarar ser moglegheitene til å integrere framandspråklege i kursa.

5.2. Andre utviklingstilskot

Fra Studiering til Fagbrev

FKF har fått tilskot frå Movi, eit prosjekt under kompetansereformen som blir administrert av VOX. Prosjektet går over fleire år, i 2001 var tilskotet på kr. 390.000,-. Prosjektet tek sikte på å kartlegge alternative fagbrevsløp innan faga bunad, strikk og vev, og motivere kandidatar til å ta fagbrev. Åse Vigdis Festervoll er engasjert som prosjektleiar. Prosjektet har ei eiga referansegruppe: Kjærsti Gangsø, Tove Gulsvik, Svein Rød, Tore Friis-Olsen, Johan Einar Bjerkem, Harry Bjerkeng og Solveig Torgersen Grinder.

Drakt og samfunn

FKF har fått tilskot frå kompetanseutviklingsprogrammet til å utvikle universitetsstudiet Drakt og samfunn. Tilskotet er delt over 3 år, tilskotet i 2001 var kr. 100.000,-. Studiet vart utvikla og gjennomført første gong studieåret 2000/2001 med 24 studentar. Hausten 2001 vart det teke opp 24 nye studentar. Prosjekttilskotet er knytt til å utvikle studieplanar, materiell og nytte IKT som støtte i undervisning og studentkontakt.

Grundtvig

Grundtvig er del av ei EU satsing. FKF er med i eit prosjekt saman med 4 andre europeiske land. FKF fikk tilskot på kr. 68.000,-. Prosjektet tek sikte på å utvikle kurs som tek vare på ein brei tradisjonsformidling, og knyte kontaktar mellom miljøa i dei ulike landa. Trine Thommessen er prosjektleiar.

5.3. Strategiarbeid

Styret har gjennomført eit arbeid med ny strategiplan i eit ønske om å kome i forkant av utviklinga. Det vart starta med eit styreseminar der ein knytt til seg Heitmann Pluss til å gje innspel og dra i gang arbeidet. Det vart også gjennomført eit internt styreseminar på hausten. Arbeidet held fram og resulterer m.a. i ny strategiplan som leggst fram på årsmøtet i 2002.

6. Samarbeid

6.1. Vofo

Voksenopplæringsforbundet er felles paraply for alle studieforbunda i Noreg. FKF deltar etter behov og ønske. Kjærsti Gangsø vart på årsmøtet mai 2000 valgd som nestleiar i styret i Vofo.

6.2. FNV

Foreningen Nordisk Vuxenopplysning (FNV) er eit nordisk nettverk for studieforbund som arrangerer mange seminar og set i verk prosjekt av interesse for studieforbunda. Sekretariatet er fortida i Noreg, med Tore Friis-Olsen som generalsekretær.

Dei andre norske medlemmene er:

Bygdefolkets Studieforbund
Senterpartiets Studieforbund
Venstres Opplysningsforbund
Studieforbundet Populus

7. Statistikk og oversikt

7.1.1. oversikt statistikk

	1999	2000	2001
DIS Norge	-	-	63
Forbundet Kysten	2.131	1.777	2.464
Folkekulturforbundet	274	286	1542
Hålogaland Amatørselskap	8.130	9.945	12.307
Landlaget for Lokalhistorie	99	395	482
Norges Husflidslag	57.214	57.571	57.987
Norges Mållag	1.300*	760*	456
Norges museumsforbund	-	120	411
Norsk målungdom	-	-	552
Noregs Ungdomslag	29.460	31.571	27.057
Vestlandske teatersenter	-	184	475
SUM	98.626	102.957	103.831

* Norsk Målungdom var rapportert under Noregs Mållag i 1999 og 2000

7.1.2. fylkesstatistikk

	Tal kurs	Deltakarar	Timar 2001	2000	1999
Østfold	113	854	3157	2842	2804
Akershus	447	3316	11656	11835	11593
Oslo	170	1830	4007	4638	4777
Hedmark	213	1536	5642	6326	5928
Oppland	102	825	3141	2353	2253
Buskerud	76	577	2029	2028	1530
Vestfold	137	972	4622	4777	4155
Telemark	62	552	1907	2117	2197
Aust-Agder	148	1347	5064	5484	6018
Vest-Agder	97	893	2594	2742	2781
Rogaland	184	1484	4584	3990	3485
Hordaland	295	2560	8152	9640	10004
Sogn- og Fjordane	130	1105	3401	3462	3643
Møre og Romsdal	160	1384	5227	5696	5809
Sør-Trøndelag	155	1212	5361	5009	4634
Nord-Trøndelag	135	994	3564	4300	6144
Nordland	352	2785	11778	10942	9913
Troms	426	3227	16932	13529	11580
Finnmark	51	382	978	1248	1322
SUM	3453	27.845	103.831	102.957	98.626

7.1.3. emnefordeling

Med det nye dataprogrammet er det ikkje mogleg å få ut ein emnestatistikk slik vi har hatt tidlegare. Det vil bli retta opp til neste år. Sjølv om vi ikkje får ut ein statistikk, kan vi likevel få tal som ligg til grunn for kommentaren i 4.2.1.

7.1.6. høgare nivå

	Kurs	Deltakarar	Timar
Oppland	3	60	115
Hordaland	5	85	260
Sør Trøndelag	1	23	30
Troms	8	111	143
SUM	17	278	548

7.14. særlige målgrupper

	§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
DIS Norge	4900	1	6	15
Folkekulturforbundet	92640	16	106	282
Norges Husflidslag	64105	9	54	293
Noregs Ungdomslag	65645	7	114	135
SUM				

	§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
Oslo	15600	2	16	80
Hedmark	0	1	4	52
Oppland	6400	1	6	22
Telemark	10300	1	5	12
Vest-Agder	6900	1	20	15
Rogaland	18900	2	38	62
Hordaland	11730	2	28	34
Sogn og Fjordane	6600	1	9	12
Sør Trøndelag	8610	2	12	80
Nord Trøndelag	102840	18	118	312
Troms	1400	1	5	32
Finnmark	13000	1	19	12
SUM	202280	33	280	725

7.2. Fylkesledda

Østfold	Ole Jørgensen, Sverresgt. 4, 1607 Fredrikstad (NU)
Akershus	Liv Lønnskog, Akershus FHL, Pb. 414 Sentrum, 0103 Oslo (NH)
Oslo	Alf Steinar Nekstad, N. Brunsgt. 22, 0165 Oslo (NU)
Hedmark	Margit Bredeesen, Dalen, 2264 Grinder (NH)
Oppland	Kari Sand Nikolaisen, Rabben 23, 2611 Lillehammer (NH)
Buskerud	Kjell Olav Grøndalen, 3560 Hemsedal (NU)
Vestfold	Jack Robert Furuseth, Måltrostvn. 16, 3142 Vestskogen (FK)
Telemark	Terje Mikkelsen, Ekelundvn. 7, 3919 Porsgrunn (NU)
Aust-Agder	Marit Svennevik, Svennevik Gård, 4887 Grimstad (NH)
Vest-Agder	Ole Repstad, Ausvigheia 35, 4640 Søgne (NH)
Rogaland	Synnøve Jørgensen, Grannesvn. 3 B, 4020 Stavanger (NU)
Hordaland	Torild F. Velure, Pb. 4009 Dreggen, 5023 Bergen (NH)
Sogn- og Fjordane	Hallvard Julseth, 5934 Kyrkjebø (NU)
Møre og Romsdal	Skafti Helgason, 6390 Vestnes (NH)
Sør-trøndelag	Berit Storli, Finnmyrveien 24, 7350 Buvika (NH)
Nord-Trøndelag	Morten Klukan, Markstein, 7717 Steinkjer (NM)
Nordland	Karl W. Pedersen, R. Normannsv. 16, 8019 Mørkved (NU)
Troms	Torgunn Andreassen, Blomlivn. 23, 9100 Kvaløysletta (NH)
Finnmark	Svein Thomassen, Boks 285, 9711 Lakselv (NU)

7.3. Materiell


Standard materiell finst både på bokmål og nynorsk:

- Skjema
- Vegvisar
- Rettleiingshefte for særlege målgrupper
- Plakatar
- Flygeblad
- Informasjonsbrosjyre
- Studieplanar Teater
- Lokalt kurssamarbeid
- Motivasjonshefte for rettleiing av kurs for innvandrarar

Folkekulturforbundet



14. – 20.
oktober



UKA FOR
VOKSNES LÆRING



Kurs – Utstillinger - Opplevelser

Holmen Gård - 4980 Gjerstad Telefon kurs: 37 15 70 99 Telefon besøk: 37 15 70 20

Sommarkursa i Noregs Ungdomslag

Bunad: Grunnleggande kurs i bunadkunnskap

Dans: Instruktørkurs og fordjupingskurs med vekt på songdans

Organisasjonsarbeid: Drift av ungdomshus, barnerettleiarkurs og organisasjonskurs

Spel: kurs i dansespel

Teater: Regikurs, sminkekurs og musikk og song i revy og teater



Tid: 27. juli - 4. august 2002

Stad: Ringebu folkehøgskole

Pris: 5.000,- for medlemmer, 5.500,- for ikkje medlemmer

Reiseutjamning: kr. 700,-

Påmeldingsfrist: 1. juli 2002 til Folkekulturforbundet, Vågå Næringshage, 2680 Vågå



*kilde til
inspirasjon
og kunnskap,
samhold og glede*

Studieforbund for
DIS-Norge
Forbundet KYSTEN
Hålogaland Amatørteaterselskap
Kringkastingsringen
Landslaget for Lokalhistorie
Noregs Mållag
Noregs Ungdomslag
Norges Husflidslag
Norsk Målungdom
Vestlandske Teatersenter

Samarbeidsavtale med
Landslaget lokalhistorie i skolen
Norsk Kulturarv
Norsk museumsforbund
Norsk Quilteforbund
Samenes Folkeforbund

VÅGÅ NÆRINGSHAGE
2680 VÅGÅ
FAKS. 61 23 82 59
Organisasjonsnummer: 977 275 490

På heimesida vår finn du informasjon og skjema:

www.folkekultur.no

Studiekonsulent	Sølvi Brække	61 23 82 50	solvi.brække@folkekultur.no
Studiekonsulent	Mette Kahrs	61 23 82 51	mette.kahrs@folkekultur.no
Kontormedarbeidar	Tone Heskestad	61 23 82 53	tone.heskestad@folkekultur.no
Dagleg leiar	Kjærsti Gangso	61 23 82 52	kjersti.gangso@folkekultur.no